

## Merknadsskjema – offentleg høyring

<b>Plannamn</b>	Gnr 35 bnr 4 m. fl, Børdalen Næringsområde, Samnanger kommune
<b>Arealplan-ID</b>	1242201801
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeida av</b>	A/STAB AS
<b>Sist revidert</b>	11.09.19

r.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad /uttale	Forslagsstillars kommentar
<b>Statlege og kommunale instansar</b>			
1	NVE 09.08.19	<p>1. Dei tre høgspenningsliner må markerast med omsynszone H740. I plankartet er dei markert med tre ulike; H740, H370 og #1 føresegnsområde.</p> <p>2. NVE er nøgd med at planen ikkje legg opp til utbygging i flaumsona.</p> <p>3. Skog som vern mot skred bør takast vare på. Det vurderte farebildet vil endre seg dersom skogen i dei bratte terrenghipa vert vekke. NVE meiner Samnanger kommune bør ta grep for å sikre at denne skogen vert tatt vare på, og forvalta i samsvar med SKRED AS sine råd. Den aktuelle skogen kan innarbeidast i planområdet med restriksjonar for hogst. Alternativt kan det inngåast privatrettslege, tinglyste avtalar. Ein føresetnad for dette er at SKRED AS kartfestar aktuell skog.</p>	<p>1. Tatt til vitande. Plankart og føresegns er oppdatert.</p> <p>2. Tatt til vitande.</p> <p>3. Skredsikringstiltaka er ikkje ferdig prosjekteerte. Skred AS sin rapport går berre igjennom moglege sikringstiltak for å stadfeste at sikringstiltak kan gjennomførast, og at tiltaksområdet kan byggast ut med tilfredsstillande sikringsnivå. I føresegna er det stilt krav til at risikoreduserande tiltak mot flaum og skred skal vere ferdig detaljprosjekterte jf. § 1.6 før løyve om igangsetting. Det er naturleg at det i den samanheng vert gjort ei ny vurdering av faresoner og sikringstiltak for ein situasjon <u>utan skog</u>. Dette er tatt inn som eit eige krav i føresegna, og synes som den mest pragmatiske løysninga per no. Dette grepset er også avklart med saksbehandlar i kommunen. Som NVE er kjent med har Statnett interesser i området som gjør at det er vanskeleg å verne skogen igjennom regulerig og for så vidt privatrettslege avtalar.</p>
2	Fylkesmannen 12.08.19	<p>1. Planområdet sin status i overordna plan: Fylkesmannen syner til at dei i samband med rullering av kommuneplanen bad om å få tilsendt endeleg plan og planvedtak, noko dei ikkje har fått.</p> <p>2. Oppstartsmelding: Gjennomgang av hovudpoenga i Fylkesmannen si tilbakemelding til oppstartsmeldinga.</p> <p>3. Planområde: Fylkesmannen er positiv til at planområdet er vesentleg avgrensa samanlikna med varsla område.</p> <p>4. Tilkomst: Fylkesmannen er positiv til at tilkomstalternativet med bru over fv 133 ikkje er vidareført, men legg til grunn at det er mogleg å få til ein trygg tilkomst frå fv 7.</p> <p>5. Overordna føringer: Saknar at TEK17 er tatt med i opplisting av nasjonale / statlege føringer. Viser til at «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» erstattar utgåva frå 2015.</p> <p>6. Utredning, avstand til vassdrag: Føreliggjande ROS-analyse, landskapsanalyse, konsekvensutgreiing mv. svarar ut fleire av tema, men er urolege for om konfliktane knytt til m.a. verna vassdrag, landbruk og landskapsverdiar er underkommunisert. RPR for verna vassdrag legg opp til ei 100 m sone inn mot vasstrengen. Slik planframleggget ligg føre, så ligg delar av næringsarealet kanskje ned mot 20 m i frå.</p> <p>7. Utslepp til vassdrag: Ynskjer å få tilsendt søknad om avløp til vassdraget for å vurdere om utsleppet treng løyve etter forureiningslova. Dette med bakgrunn i at det er eit varig verna vassdrag.</p>	<p>1. Dette gjeld per definisjon ikkje dette planarbeidet, og vert ikkje kommentert frå forslagsstillar si side.</p> <p>2. Tatt til vitande.</p> <p>3. Tatt til vitande.</p> <p>4. Tatt til vitande.</p> <p>5. Dette er oppdatert i planrapporten.</p> <p>6. Kommunen vil i si saksutgreiing skrive eit tilsvarende til Fylkesmannen om dette.</p> <p>7. Tatt inn i føresegna § 1.4j). Omtalt i planrapporten.</p> <p>8. Tiltaksområdet er i samsvar med overordna plan, men også redusert i omfang samanlikna med overordna plan. Nettopp med omsyn til blant anna landskap og vassdragsverdiar. Planområdet i seg sjølv er stort for å sikre at omsyn til verne vassdrag, flaumsoner, risikosoner for skred og straumlinjer vert synleggjort.</p>

	<p>8. Landskap: Meiner planområdet framleis er stort. Store og høge skjeringar i nord-aust vil påverke landskapsverdiane negativt. Det er viktig at høgda på skjeringsveggen vert redusert mest mogeleg. Fylkesmannen syner i denne samanhengen også til at Børddalen allereie er gjenstand for konfliktfylt bruk pga. BKK sin trafostasjon rett nord for det planlagde datalagringssenteret.</p> <p>9. Landbruk: Planområdet består m.a. av 13 dekar fulldyrka mark, medan 20 dekar er under nydyrkning. I tillegg er delar av arealet innmarksbeite. Munnleg avtale om omdisponering av matjord må konkretiserast og formaliserast ytterlegare, ikkje berre i form av avtale om mottak av jord, men konkret avtale om faktisk bruk.</p> <p>10. Overskotsvarme: Fylkesmannen ser det som positivt at ein ser på moglegheiter for å på sikt gjere seg nytte av overskotsvarmen frå datalagringssenteret.</p> <p>11. Konsekvensar utover planområdet: Av planomtalet går det fram at planforslaget vil medføre konsekvensar òg utanfor planområdet, m.a. behov for utvida kapasitet på straumnett og trafostasjon, omlegging av høgspentlinjer osb. Vi saknar ei meir detaljert vurdering/skildring av kva desse konsekvensane vil medføre for området.</p> <p>12. Anleggfasen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Det må ligge føre gode og dokumenterte rutinar/planar for korleis ein skal unngå / minimalisere uønskte konsekvensar i anleggfasen, særleg med omsyn til støy, utslepp, avrenning, deponering av overskotsmassar osb. for det vert gjeve løyve til tiltak.</li> <li>b. Tiltaket er oppstraums vandringshinder for anadrom fisk. I anleggfasen er det særleg viktig at det vert gjort adekvate tiltak for å hindre avrenning til vassdraget.</li> <li>c. Kantvegetasjon langs vassdraget kan ikkje kan fjernast utan løyve frå Fylkesmannen, jf. § 11 i vassressurslova. Vi støttar likevel opp under pkt. 4.1 i planføresegnene om at selektiv hogst er lov utan løyve.</li> </ul> <p>13. Viser til merknad frå NVE</p> <p>14. Konklusjon: Sjølv om vi ser at utbygging i området er konfliktfylt, så har vi likevel vald å ikkje fremje motsegn til planen, men vi legg til grunn at dei tilhøva vi har nemnd vert følgd opp. Vi ber òg om å få tilsendt søknad om avlop til vassdraget for å vurdere om utsleppet treng løyve etter forureiningslova.</p>	<p>9. Dette er feil. I samsvar med arealressurskartet til NIBIO / Kilden så er her eit areal på 10,4 daa som er fulldyrka. Her er ingen kjente pågående nydyrkingsprosjekt, i heller innmarksbeite. Sjå kap. 6.9 i planrapporten, eller <a href="https://kilden.nibio.no/">https://kilden.nibio.no/</a>. Føresegna krev at det må føreligge avtale om mottak og bruk av dyrkbar jord til nydyrkingsprosjekt før løyve om tiltak. Dette er eit rekkefølgjekrav. Sjå føresegna §§ 8.1 g) og 1.4 f).</p> <p>10. Tatt til vitande.</p> <p>11. Tatt til vitande. Se planrapporten kap. 9.10.</p> <p>12. Punkta er omtalt i føresegna under § 8 og § 4 blant anna.</p> <p>13. Merknadspunkta frå NVE er kommentert direkte under punkt 1 (NVE).</p> <p>14. Tatt til vitande.</p>	
3	Statens vegvesen 16.08.19	<p>1. Opplyser om at fv 7 no er fv 49.</p> <p>2. Valt plassering av avkjøring kan by på enkelte utfordringar blant anna vert den visuelle leiinga av trafikken bråten og skilt med bakgrunnsmarkering vert stående i siktsona. Ynskjer dialog.</p>	<p>1. Tatt til vitande og endra i planframlegget.</p> <p>2. Det er gjennomført møte med Statens Vegvesen. Avkjørsla er flytta litt lenger mot vest. Fylgjande krav er lagt til i føresegna: « for det vert gjeve midlertidig bruksloyve / ferdigattest skal det i samråd med veigar gjennomførast tiltak som sikrar god linjeføring på begge sider av avkjørsla.» Sjå § 8.2.e.</p>
4	Hordaland fylkeskommune 20.08.19	<p>1. Uttalen gjer grundig reie for dei overordna rammene for datasenter, om Noreg sin plass som energileverandør til datasenter i utlandet, om Noreg si satsing og fordel som ein polisk stabil nasjon med god tilgang til grøn kraft, om satsinga regionalt og i Hordaland, om regional og lokal verdiskaping, om trøng for kunnskap og satsing på IKT-kunnskapsutvikling og IKT-sektoren, om ringverknadar og nye nærings moglegheiter innanfor eksempelvis innanfor sirkulær økonomi.</p> <p>2. Planfagleg: Val av lokalisering av eit Datasenter i Børddalen verkar godt grunna. Datasenter er store anlegg men her har ein lykkast i å finne ein lokalitet der det er relativt lite konfliktar med andre interesser – området er ikkje nytta som frilufts- og utfartsområde, nærmaste fastbuande er ca. 800 m frå anlegget og landskapet er vanleg førekommande, eksisterande inngrep er fv 7 og Samnanger transformatorstasjon med tilhøyrande høgspentlinjer.</p> <p>3. Klimatilpassing og naturfare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Rår til å nytte oppdaterte tal for forventa nedbør i Hordaland 2100 utarbeida av Norsk Klimaservice ved dimensjonering av sikringstiltak og overvassanlegg.</li> <li>b. Tette flater vil medføre at vatn vil renne fortare unna til vassdraget, som kan gje ein større</li> </ul>	<p>1. Tatt til vitande.</p> <p>2. Tatt til vitande.</p> <p>3. Klima <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Det er satt krav til at tiltak mot flaum og skred skal vere i samsvar med teknisk forskrift, og ikkje påføre nærliggande områder auka ulempe. Dimensjonerande flaumnivå er 200-års flaum / F2.</li> <li>b. Det skal utarbeidast eigen rammeplan for vatn og avlaup, som vil dokumentere løysning for vassforsyning og avlaupsanlegg i samsvar med gjeldande krav. Det er vidare satt krav til at deler av taket skal utformast som grønt tak. Kravet føreset at det grøne</li> </ul> </p>

	<p>lokal flaumtopp. Overvatn bør handterast lokalt og fortrinnsvis i opne anlegg på overflata. Grøne tak er eit godt tiltak mot lokal nedbør, og bør dimensjonerast for å halde på ein god del vatn.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>4. Arkitektur, estetikk og landskap: Val av material, vegetasjon og andre estetiske grep er viktige for å redusere den negative verknaden på omgivnadene. Det er positivt at det stillast krav om skånsam terrengbehandling, miljøkvalitet og naturmangfold, bevaring av matjord og vegetasjonsskjerm i føresegna.</li> <li>5. Samferdsel: Fylkeskommunen har ikkje merknadar til dei vurderingane som er gjort om tilkomst, og legg til grunn at utkøyringa til fylkesvegen vil skje i dialog med Statens vegvesen.</li> <li>6. Kulturminne og kulturmiljø: <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Sett bort frå den svært iaugefallande steinblokka sør i området med ein hellar under på vestsida, vert området elles vurdert til å ha lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det vert såleis ikkje aktuelt å stille krav om vidare arkeologisk registrering av planområdet.</li> <li>b. Det freda kulturminnet Askeladden id. 120768 er ivaretatt på ein tilfredstillande måte.</li> <li>c. Teksten i føresegna 7.6 må endrast til følgjande: "Omsynssone H_730, Båndlegging etter Lov om kulturminner. I området ligg det ein lokalitet, ein hellar under ei stor steinblokk, Askeladden id. 120768. Denne er automatisk freda. I omsynssone H_730 er det ikkje tillate å gjøre nokon form for varige eller mellombelsse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminneloven § 3."</li> <li>d. Følgjande tekst må takast med under § 1 Felles føresegner: "Det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskommunen få melding for ei nærmare granskning på staden, jf. kulturminneloven § 8, 2. ledd."</li> </ul> </li> <li>7. Konklusjon: Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld klimatilpassing og naturfare, arkitektur, estetikk og landskap, samferdsel, kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.</li> </ol>	<p>taket ikkje kjem i konflikt med nødvendige tekniske installasjoner på tak.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>4. Tatt til vitande.</li> <li>5. Tatt til vitande.</li> <li>6. Kulturminne og kulturmiljø <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Tatt til vitande.</li> <li>b. Tatt til vitande.</li> <li>c. Tatt til vitande. Sjå føresegna.</li> <li>d. Tatt til vitande. Sjå føresegna.</li> </ul> </li> <li>7. Merknadane som dei kjem fram i brev datert 20.08.19 er fylgt opp jf. ovanfor.</li> </ol>	
5	Statnett, 24.06.19 [Etter frist ]	<p>Statnett skriv i sin uttale at dei er nøgd med endringane som er gjort etter fråsegn gitt i forbindelse med oppstart av planarbeidet.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vidare skriv dei at dei har konsesjon etter energilova til å etablere ny transformator med tilhøyrande massedeponi på nabotomta. Dei ber om at ei omsynssone teiknast inn i plankartet der fyllinga går inn i planområdet.</li> <li>2. Statnett visar til siste utgåve av publikasjonen <i>Anleggsmaskinar og elektriske anlegg</i>, og ber om at denne skal følge det vidare planarbeidet.</li> <li>3. I tillegg ber dei om at det gjennomførast ei ROS-analyse med omsyn til transmisjonsnettet som kritisk infrastruktur under anleggsgjennomføring og ved ferdig bygget anlegg.</li> <li>4. Avslutningsvis minner Statnett om ei generell varslingsplikt for arbeid nærmare enn 30 meter frå nærmeste straumførande line skal. Det skal takast kontakt med leidningsciar minst 6 ukar før planlagt oppstart.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> <li>2. Tatt til vitande.</li> <li>3. Tatt til vitande.</li> <li>4. Varslingsplikta var innarbeida i føresegna, men er konkretisert med at det også gjeld sprengings- og gravearbeid, og flytta til § 1.5 a).</li> </ol>
6	Brannvesenet [Etter frist, men fått utsett frist]	<p>Brannvesenet viser til tidlegare uttale i saka, og presiserer at:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ein må ta omsyn til tyngda på uttrykningskøyretøy om det blir planlagt oppstillingsplass/punktlast på eventuelle betongdekke / kulvertar.</li> <li>2. Brannvesenet ynskjer å bli halden orientert i saka om kva for kjøleanlegg det er tenkt installert då det kan ha noko å sei for tryggleiken under brannvesenet sin innsats.</li> <li>3. Viser til «Veileding – tilrettelegging for innsats» for oversikt over tekniske spesifikasjoner.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande</li> <li>2. Tatt til vitande.</li> <li>3. Tatt til vitande.</li> </ol>

Private aktørar			
6	LUKS 26.06.19	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Varemottak etc., må etableres slik at kjøretøyene kan kjøre til alle varemottak etc., uten å kjøre inn i skolegårder, barnehagens uteareal eller rygge over sykkelfelt/gangveier, forbi hovedinnganger, myketrafikanter, osv. dette arealet må heller ikke være i konflikt med brannvesenets adkomstveier. Videre må også sjåførenes arbeidsmiljø ivaretas.</li> <li>2. Det skal legges til rette for den typen kjøretøy som bransjen benytter, dette må hensyntas. Bransjen kan i enkelte tilfeller benytte lastebiler opp til 25,25m.</li> <li>3. Krav som ligger i TEK 17 for varemottak skal ivaretas på lik linje med kravene til universell utforming. Frihøyder, bredder etc. må følge regelverkets krav, kjøretøy som benyttes må ha frihøyde 4,5m, kjøretøyenes bredde er 3,2m., dette er bilens bredde inklusive speil, for singel bil som bransjen benytters lengde 12 m, for semitrailer 17,5m, bil og henger 19,5m modulvogn tot 25,25m.</li> <li>4. IK-Mat forskriften må følges hva gjelder ubrott kjølekjede.</li> <li>5. For ordensskjyd minner jeg om Arbeidstilsynets regler om avstand fra biloppstillingsplass/varemottak til varenes plassering ikke må overstige 50m, denne transportveien må være fri for snø og is. I tillegg må adkomst til varemottaket være i samsvar med:</li> <li>6. Arbeidsplassforskriften Best nr. 701 og 702 <ul style="list-style-type: none"> <li>a. §§ 2-1, Utforming av arbeidsplasser og arbeidslokaler</li> <li>b. §§ 2-18, Ferdsel og adkomst</li> <li>c. §§ 2-20, Lasteramper, lasteplasser, tippsteder og kaier</li> <li>d. §§ 2-24 Særskilte vernetiltak for utendørs arbeidsplasser</li> <li>e. §§ 1 i Byggherreforskriften</li> </ul> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> <li>2. Tatt til vitande.</li> <li>3. Tatt til vitande.</li> <li>4. Tatt til vitande.</li> <li>5. Tatt til vitande.</li> <li>6. Tatt til vitande.</li> </ol> <p>Se § 1.5 i).</p>
7	Samnanger Næringsforum 20.08.19	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samnanger Næringsforum meiner forslagsstillaren si planskildring med fagrapportar og analyser, på ein god og fullstendig måte skildrar konsekvensar utbygginga av industriområdet med datasenter vil ha for området. Etter forumet si meining tilfredsstiller planskildringa gjeldande reguleringsforesegner for næringsområdet og for datasenteret. Forumet ser ingen hindringar for, og stiller seg positiv til, at ein kan gå vidare med detaljplanlegging av utbyggingsarbeidet.</li> <li>2. utbyggingsarbeidet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> </ol>
8	Anna og Bengt Drageset v/Multiconsult Eigarar g/bnr 35/1,3 20.08.19	<p>Det er mottatt utsegn frå Multiconsult AS på vegne a Anna og Bengt Drageset som er grunneigarar i området. Her komme det fram ei rekke punkter som avsendar framhevar som problematiske ved planen. Under er dei sortert likt som i skrivet:</p> <p>Generelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Multiconsult meiner at sikringstiltak i for liten grad er ivaretatt i planen, og at dei i for stor grad overlastast til byggjesaksbehandlinga.</li> <li>2. Hevdar at utførte alternativanalysane er mangelfulle, og at for få alternativ er vurdert. Vurderer at det føreliggjande planforslaget ikkje tilfredsstillar dei krav som stilles til ein detaljreguleringsplan, jf. Pbl. § 12.</li> <li>3. Vidare framset dei ei rekke ønskjer som innspel til vidare arbeid men planen: <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Utarbeiding av retningslinjer for landskapstilpassing og landskapsvern</li> <li>b) Tiltak for å skyrme nye bygg frå ras ol. ved bruk av naturmaterialar</li> <li>c) Føresegner for å hindre at anlegg blir synleg frå veg og omkringliggende hus</li> <li>d) Tiltak i elvestrengen for å ta høgde for framtidig nedbør</li> <li>e) Detaljera og illustrera rassikringstiltak.</li> </ul> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Reguleringsplanen vurderer og synleggjer kva for risiko som er aktuell i området, og om det lar seg gjere å finne løysningar som gjev eit tilfredsstillande sikkerheitsnivå. Prosjektering av sikringstiltak er i utgangspunktet ikkje del av ein reguleringsplanprosess, og er best eigna til å bli handtert som del av byggjesaksbehandlinga. På den måten kan ein sikre at skredsikringstiltaka er effektivt tilpassa det konkrete tiltaket.</li> <li>2. Statlege etatar med sektoransvar samt planmynde vurderer at utgreiingsnivået er tilfredsstillande, og svarar på det som er stadfesta i Pbl. § 12.</li> <li>3. Tatt til vitande <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Som det kjem fram av landskapsanalysen er det gjort fleire grep av omsyn til landskapet. Blant anna er planeringsflata gitt mindre utstrekning enn avsett areal i KPA. Planeringsnivå er også sett av blant anna landskapsområdet, og er gjort reie for i landskapsanalysen.</li> <li>b. Sjå kommentar til punkt 1.</li> </ul> </li> </ol>

	<p><b>Plankartet:</b></p> <p>4. I tillegg ber Multiconsult om at følgjande punkt arbeidast vidare med i plankartet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Innteikning av planeringshøgde samt størrelse på planert areal, innteikning av utslag frå skjering og fylling. Tiltak illustrerast med eigne snitt- og perspektivteikningar</li> <li>b) Innteikning av heile innkomstvegen til planområdet.</li> <li>c) Meir detaljert utforming av parkeringsplass og plass for varehandtering</li> <li>d) Byggegrensa justerast til 20 meter inn frå topp skrånning eller fylling</li> <li>e) Ønskjer betre tilkomst for brannslokking langs hovedfasadane</li> <li>f) Innteikning av buffersone mot transformatorstasjonen</li> <li>g) Ønskjer at dobling av bredde på vegetasjonsskjerm (40 m). Ønskjer at vernesone langs vasstrengen utvidast til 100 m</li> <li>h) Ber om at nødvendige sikringstiltak og risikoreduserende tiltak beskrivast, illustrerast og teiknast inn i plankartet</li> </ul> <p><b>Planføresegner:</b></p> <p>5. Til slutt ber Multiconsult om at følgjande punkt arbeidast vidare med i planføresegnene:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Ber om at det i planen framkommer klarare avgrensinger for bruk av området.</li> <li>b) Ønskjer at formuleringa i § 1.2 d) endrast frå <i>Murar høgare enn 2 m og lengre enn 10 m er vesentlege inngrep til [...] høgare enn 2 m og/eller lengre enn 10 m [...]</i></li> <li>c) Ønskjer at det stilles krav til materialbruk og utforming</li> <li>d) Ønskjer at det kjem fram i føresegnene kordan overskotsmasser skal brukast innafor planområdet</li> <li>e) Ber om at ein ytre miljøplan blir utarbeida. Ber om at det i føresegnene stillas strengare krav til støy, utslepp og avrenning i anleggsperioden, og at og stilles krav til prøvetaking i driftsperioden</li> <li>f) Ønskjer at utslepp av reinsa avløpsvatn skal skje til <i>Frølandselva</i>, framfor <i>Storelva</i></li> <li>g) Ønskjer at dimensjonerande vassnivå settast høgare enn sikkerheitsklasse F2</li> <li>h) Ber om at sikkerheitsgjerde settast opp innafor område for næringsbygningar, og ikkje innafor vegetasjonsskjermen. Ber og om at sikkerheitsgjerdet har ei avstand på 10 m frå skjeringstoppen.</li> <li>i) Ønskjer at takoppbygg avgrensast i prosentdel av byggets grunnflate. Ønskjer bruk av grøne tak.</li> </ul> <p>6. Avslutningsvis hevdar Multiconsult at det ikkje er samsvar mellom dei illustrasjonar som er laga over området, og det som faktisk kjem fram av plankart og -føresegner.</p>	<p>c. Datasenter er store og vil bli synlege. Det er satt krav om at utomhusplan som blant anna skal vise tilplanting.</p> <p>d. Tiltaket er tilpassa framtidig og forventa flaumsituasjon, og legg ikkje opp til tiltak i vassdraget.</p> <p>e. Sjå kommentar til punkt 1.</p> <p>4. Tatt til vitande.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Planeringshøgde og størrelse på planeringsflate, dvs formålsareal, er oppgitt i planframlegget.</li> <li>b. Avkøyrla er teikna inn i plankartet. Elles del av innkomstvegen vil ligge på planert flate i forkant av bygget (mot vest). Nøyaktig plassering av denne har relativt liten opplysningsverdi per no.</li> <li>c. Det er krav om at plassering av parkering etc. skal visast i utomhusplanen, som skal utarbeidast i samband med søknad om rammeløyve.</li> <li>d. Det er sett byggegrense mot vest, nord og sør. Det meste av dagens skrånning mot vest inngår i formålet vegetasjonsskjerm, og vil i all hovudsak bli som den er i dag. Byggeformålet er redusert i omfang samanlikna med gjeldande kommuneplan. Mot aust er det krav om at toppunkt og skjeringsvegg skal være innanfor arealformålet. Utforming av skjeringsveggen vil styre kor langt bak bygget kan trekka. Der må også vere rom mellom bygg og bakvegg. Det er med bakgrunn i dette vurdert at bvggegrensa mot aust gjev seg sjølv, og at den ikkje trengs kartfestast i kartet.</li> <li>e. Det som gjeld sikkerheit mht. brann og tilkomst for brannbil skal vere dokumentert som del av søknad om rammeløyve.</li> <li>f. Planområdet omfattar ikkje transformator - stasjonen. G/bnr 35/3 nord for planområdet, mellom datasenteret og transformatorstasjonen fungerer som ein buffer.</li> <li>g. Ein dobbelt så brei vegetasjonsskjerm vil ta for mykje av tilgjengeleg flate til at ei utbygging lar seg gjennomføre. Ei vernesone langs vasstrengen på 100 m er ikkje realistisk, men grøntstrukturen (LNA og GV) i planframlegget er til saman breiare enn den grøne bufferen mot elva slik den er vist i gjeldande KPA.</li> <li>h. Sjå kommentar til punkt 1.</li> </ul>
--	--	--

		<p>5.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>a. Tatt til vitande.</li><li>b. Føresegna er henta frå gjeldande KPA.</li><li>c. Tatt til vitande. Krav i føresegna, men må i detalj fylgjast opp i byggesakshandsaminga.</li><li>d. Re-bruk av stadeigne massar innanfor planområdet treng ikkje spesifiserast i føresegna, men dei er planlagt nytta til etablering av planeringsflata.</li><li>e. Forhold til støy, utslepp og avrenning er omhandla i føresegna, og vurdert av dei respektive fagmyndighetene.</li><li>f. Tatt til vitande.</li><li>g. Dimensjonerande vassnivå er satt til minimum 200-årsflaum / F2, som medfører at ein kan ved prosjektering velje F3 dersom høgste sikkerheitsnivå er påkrevd. Dette sagt så er det relativt liten forskjell mellom sikkerheitsklasse F2 og F3. Sjå rapport frå SKRED AS, fig 12. Det er ikkje planlagt tiltak flaumsona.</li><li>h. Tatt til vitande. Plassering av sikkerheitsgjerdet vil detaljerast i utomhusplanen.</li><li>i. Tekniske installasjonar som vifter er planlagt på taket. Det vil vere lite fleksibelt å begrense dette i % då type, antall og storleik per no ikkje er kjent. Krav til bruk av grønt tak er tatt med for delar av taket.</li></ul> <p>6. Det skal være samsvar mellom illustrasjon, og plankart + føresegner så utan nærmare spesifikasjon er det uklart kva som ikkje samsvarar.</p>
--	--	--

## Merknadsskjema – planoppstart

<b>Plannamn</b>	Gnr 35 bnr 4 m. fl, Børdalen Næringsområde, Samnanger kommune
<b>Arealplan-ID</b>	1242201801
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeida av</b>	A/STAB AS
<b>Sist revidert</b>	03.06.2019

r.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad /uttale	Forslagsstillars kommentar
<b>Statlege og kommunale instansar</b>			
1	BKK NETT AS 24.09.2018	<p>1. Tilkomst til BKK Netts anlegg må ikke forringast.</p> <p>2. Terrengoverdekning og avstand mellom terren og liner må ikke endrast.</p> <p>3. Den / dei som utløysar tiltak i straumforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadane med tiltaket, inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter.</p> <p>4. Det må i planarbeidet leggjast til grunn at transformatorstasjonen ikke kan flyttast.</p> <p>5. Som del av planarbeidet skal det vurderast om tilkomst til datasenteret kan skje over eksisterande bru til transformatorstasjonen. Av omsyn til beredskap er det lite ynskeleg med auka trafikk på vegen som går mellom høgspenningsgjerdet og elva.</p> <p>6. Kraftliner bør innarbeidast som omsynssone i reguleringsplanen. Kablar i grøft / i bakken må visast i kartet.</p> <p>7. Vilkår for eventuell omlegging av 132 kv kraftlinene med jordkabler:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det må settast av plass til ny trase.</li> <li>- Den som krev anlegget flytta må bæra alle kostnadar med flyttinga.</li> <li>- Flyttinga til ny trase må ha minst like gode vilkår som BKK Nett har til eksisterande trase.</li> <li>- Omlegging av kraftlinia fordrar at BKK Nett søker NVE om løyve i den gjeldande anleggskonvensjonen.</li> </ul> <p>8. Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget iht. områdekonsesjon. Omlegging fordrar endring av konvensjon. I planområdet er 22 kV høgspenningskabler som må takast omsyn til, ev. flyttast.</p> <p>9. Mellom transformatorstasjonen og datasenteret må det settast av areal til kabeltrasear samt at det kan bli naudsynt å utvide transformatorstasjonen mot sør, for etablering av brytarfelt til straumforsyning av datasenteret. Det må difor opprettast dialog mellom BKK Nett og plankonsulent seinare i prosessen.</p>	<p>1. Det er einigheit mellom BKK og tiltakshavar om at Frølandsli / den vestlegaste lina (132 kV) kan leggast om i grøft. Dette er sikra i føresegna og synt i plankartet med eit føresegnynområde. Den andre lina er gitt omsynssone i kartet. Føringar for bruk og krav om avstand er sikra i føresegna. Det same gjeld for anlegg under 24kV. Tiltakshavar og BKK har pågående dialog v/behov.</p> <p>2. Tatt inn i føresegna.</p> <p>3. Tatt til vitande.</p> <p>4. Tatt til vitande.</p> <p>5. Tatt til vitande. Ref. plankartet.</p> <p>6. Eksisterande liner som skal vidareførast er gitt omsynssone. I samsvar med kartverket skal jordkabler ikkje teiknast inn på plankartet.</p> <p>7. Ny trase for jordkabel må søkast om av BKK Nett til NVE innanfor gjeldande anleggskonvensjon. Føresegna opnar for at jordkabelen kan leggast innanfor planområdet, men at traseval er del av konvensjonssøknaden.</p> <p>8. Planområdet er redusert i omfang, men det er tatt med eit punkt i føresegna som sikrar omsyn til anlegg under 24kV.</p> <p>9. Det er opprettet dialog med BKK Nett. Regn Datacenters AS har engasjert Aabø Power Consult i dette arbeidet. Utviding av transformatorstasjon for etablering av brytarfelt til straumforsyning er planlagt innanfor g/bnr 35/44, og må søkast om i eigen konvensjonssøknad etter sektorlovvirket. Der er areal tilgjengeleg mellom 35/44 og planområdet.</p>

2	Statens vegvesen 11.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Merknadsstillar er positive til at transportbehov skal takast opp som eige utredningstema, og at det skal vurderast fleire alternativ for avkøyring frå fylkesveg til planområdet.</li> <li>2. Utgreiinga skal avklare plassering, avkøynings-/kryssløysing, samt eventuelle tiltak for trafikksikring. Dette arbeidet må gjerast i samarbeid med Statens vegvesen, for å sikra ei best mogleg løysing i tråd med gjeldande vognormalar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Med bakgrunn i at både NVE og Fylkesmannen samt for så vidt også BKK Nett og Statnett er kritiske til tilkomst over Storelva frå fv 133 er ein gått vekk frå å vurdere ei brukryssing. Derimot er det vurdert eit par alternativ for tilkomst via fv. 7.</li> <li>2. Det er utarbeida ei trafikkanalyse, som gjer reie for dei vurderingane som er gjort, og som er grunnlag for høyningsmerknadar.</li> </ol>
3	NVE 19.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Større høgspenningsliner og transformatorstasjonar skal settast av som omsynssoner (PBL §11-8 d/kode H740) i plankartet og skal merkast med svart ruteskravering.</li> <li>2. Rikspolitiske retningslinjer for vern av vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeidet. Arealbruken må ikkje redusere verneverdiene knytt til vassdraget. I planen sin tekstdel må det kome fram korleis dei rikspolitiske retningslinene er følgd opp.</li> <li>3. NVE oppmodar om å leggje opp til ein arealbruk som ikkje medfører inngrep i elva. Dersom dette ikkje kan unngåast må NVE vurdere tiltaka etter vassresurslova. Planen må skildre tiltaka godt og vurdere konsekvensar for ålmenne interesser i vassdraget.</li> <li>4. Arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf PBL § 12-5 nr. 6 bør nyttast til å merke elva, t.d. «Natur og friluftsliv». Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen.</li> <li>5. I aktsemdkart for skred, jf. NVE Atlas er planområdet definert som potensielt fareområde for steinsprang og snøskred, jord og flaumskred. For reell skredfare må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK 17). Fareområda må innarbeidast i planen som omsynssoner, og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne sted.</li> <li>6. Aktsemdkart for flaum indikerer maks. vasstandsauke på 4,4 meter over normalvasstand i elva. Flaumutsett areal må markerast i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> <li>2. Tiltaket er vurdert opp mot RPR for verna vassdrag i planrapporten og i KU for Naturmangfald.</li> <li>3. Tatt til vitande.</li> <li>4. Vassdraget er gitt arealformål «naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona» på grunn av små «øyar» i elva. Sjølvé strandsona / vegetasjonsbeltet har fått arealformål LNA, dvs. naturformål av LNFR.</li> <li>5. SKRED AS har gjennomført ei vurdering av ras- og flaumfare i området. Sjá eigen rapport. Fareområda er innarbeida i plankartet med tilhøyrande føresegner.</li> <li>6. Plankartet viser ei omsynssone for flaum basert på 200-års flaumnivå med 30 % klimapåslag pluss 1 m sikkerheitsmargin over berekna flaumnivå. I rapporten fra SKRED AS finns vurderinga av 200års- flaum (F2) og 1000-årsflaum (F3).</li> </ol>
4	Bergen Brannvesen, Samnanger kommune 24.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bergen brannvesen har inngått samarbeid med Samnanger kommune, og føreset at planarbeidet sikrar brannvesenet sine køyretilkomst til bygg og konstruksjonar, og at det vert lagt opp til tilstrekkeleg sløkkjevatn kapasitet. Syner til «veileddning – tilrettelegging for innsats» for ei oversikt over tekniske spesifikasjonar.</li> <li>2. Samnanger brannvesen har ikkje høgdeutstyr.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande. Tilkomst for brannvesenet sine køyretilkomst til bygg og konstruksjonar, og at det vert lagt opp til tilstrekkeleg sløkkjevatn kapasitet. Syner til «veileddning – tilrettelegging for innsats» for ei oversikt over tekniske spesifikasjonar.</li> <li>2. Tatt til vitande.</li> </ol>
	Direktoratet for mineralforvaltning 25.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. DMF kan ikkje sjå at føreslått planområde råkar registrerte førekomstar av mineralske ressursar eller massedeponi. DMF har difor ingen merknadar til varsla oppstart.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> </ol>
6	Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga 30.10.2018  Hordaland Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga 07.11.2018 (pkt. 6)	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er i planprogrammet gjort gode vurderingar for vidare utgreiingar, og planforslagets oppfølging av KPA.</li> <li>2. Har kommunen gjort vurderingar av mogleg verneskog, og denne skogen sin nytteverdi som skred- / rasførebyggande og flaumdempar.</li> <li>3. Oppmodar om at gode og miljøvenlege energiløysingar vert nytta. Syner til kap. 5.3 i Klimaplan for Hordaland 2014-2030.</li> <li>4. Det er gjort funn av automatisk freda kulturmiljø innanfor det gjeldande området, ein hellar id. 12076. Denne vil bli synfara så raskt som råd er.</li> <li>5. Planarbeidet må særleg legge vekt på planfaglege merknader, klimatilpassing og energi, landskap og verna vassdrag, naturmangfald, kulturmiljø, samferdsel og næringsutvikling.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> <li>2. Temaet er omtala i skredrapport frå SKRED AS.</li> <li>3. Tatt til vitande.</li> <li>4. Synfaringa er utført. Sjá merknad78.</li> <li>5. Tatt til vitande.</li> </ol>
7	Hordaland fylkeskommune Kultur- og idrettsavd. 07.11.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fylkeskonservatoren har utført synfaring den 31.10.2018. Området er vurdert til å ha lite potensiale for funn av automatisk freda kulturmiljø. Det vert ikkje stilt krav om vidare arkeologisk registrering av planområdet. Vidare planarbeid må ivareta Askeladden id 1207698 på korrekt måte. I KU må kulturmiljøet skildrast samt at konfliktdensitet mellom tiltaksområdet og kulturmiljøet avklarast.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> </ol>

8	Statnett 30.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Statnett ber om at transmisjonsnettlinene med tilhøyrande byggeforbodsbelte på 40 meter (20 meter til kvar side av senter) vert teikna inn i plankartet med omsynssone (SOSI-kode H740).</li> <li>2. Det må knyttes følgande føresegn til omsynssona: «Innanfor omsynssona er det byggefobd og alle tiltak i terrenget skal godkjennast av lineeigar.»</li> <li>3. Statnett ber om at omsynssona for transmisjonsnettlinene vert trekt over tomta til transformatorstasjonen. Anlegget er utbygd i medhald av konsesjon og skal ikkje innteiknast som planformål.</li> <li>4. Tiltak i planen må ikkje forringe tilkomst til Statnett sine anlegg og leidningstrasear, ei heller vanskeleggjer eller hindre ombygging av eksisterande leidningstrasear. Tilkomst til planområdet inkludert parkering må skje utanfor Statnett sin eidegom. Det kan ikkje leggast opp til sambruk av brua og tilkomstvegen til transformatorstasjonen. Det er ikkje ynskjeleg med aktivitet nært på Statnett sin eidegom.</li> <li>5. På sikt kan fleire leidningar bli oppgradert til 420 kV spenningsnivå, som kan medføre endringar i leidningsføring til transformatorstasjonen.</li> <li>6. Når det gjeld kabling av BKKs 132-kv-liner i bakken legg Statnett til grunn at det blir nærare samhandling mellom BKK, tiltakshavar og Statnett knytt til søknad om konsesjon etter Energielova.</li> <li>7. Statnett fekk 20.09.2018 konsesjon frå NVE til å kople til og drive ein ny 300(420)/132 kv transformator i Samnanger transformatorstasjon. Konsesjonen omfattar rett til etablering av eit permanent massedeponi på ca. 4,8 dekar og 4 meter høgde (over eksisterande terrenget) med tilhøyrande tilkomst på privat grunn sør for stasjonen. Det er potensiell konflikt knytt til deponiet då arbeidet med deponiet er planlagt gjennomført i 2020. I praksis bør Statnett etablere deponiet før realisering av reguleringsplanen. Dersom det skulle bli tidskonflikt, er Statnett positive til å finne alternative deponiplassar gitt at det ikkje føre til store meirkostnadurar eller transportbelastningar. Statnett må i så fall soke konsesjon om ny plassering. Det er derfor viktig at tiltakshavar, kommunen og Statnett så tidlig som mulig samhandler om løsning knytt til Statnetts deponiebehov.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Transmisjonsnettlinene er synt skravur H-740 (dvs. bestemmelses- / byggeforbodsbelte) med bredder på 21 m til kvar side jf. e-post frå Statnett datert 20.12.2019.</li> <li>2. Tatt til vitande.</li> <li>3. Planområdet er justert etter varsel av planarbeid og omfattar ikkje tomta til transformatorstasjonen.</li> <li>4. Tatt til vitande.</li> <li>5. Tatt til vitande.</li> <li>6. Det er etablert kontakt mellom tiltakshavar og BKK. Aabø Power Consulting føl opp det som har med energi, konsesjonar, BKK og Statnett å gjøre.</li> <li>7. Tatt til vitande. Det er oppretta dialog med Statnett. Oppfølging av forhold rundt deponiet vil skje etter planen er lagt ut til offentleg høyring.</li> </ol>
9	Bjørnefjorden landbrukskontor 31.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Omdisponering til industriområde vil redusera ressursgrunnlaget for gnr./bnr. 34/2 monaleg. Det må difor være eit mål for prosjektet å sikra at denne jorda ikkje går ut av produksjon, men vert nytta til opparbeiding av dyrka jord ein annan stad. Det er skildra i oppstartsmeldinga korleis dette vert handtert og problemstillinga ser ut til å bli handsama skikkeleg i arbeidet med detaljregulering.</li> <li>2. Bjørnefjorden landbrukskontor ynskjer å bli høyrt seinare når arbeidet har kome vidare.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande. Det er gjort ein munnleg avtale med ein kandidat som treng matjord til nydyrkingsprosjekt.</li> <li>2. Tatt til vitande.</li> </ol>
10	Fylkesmannen 31.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fylkesmannen fremja motsegn til N07 i samband med rullering av KPA, men trekte motsega med vilkår om at det som del av detaljreguleringsplanen vart gjort ei langt meir omfattande analyse av kor eigna planområdet er.</li> <li>2. Verna vassdrag og naturmangfold: Verknadane for det verna vassdraget må utgreia tilstrekkeleg. Med omsyn til vassdraget generelt, landskapet, flaumfare og naturmangfold er ei 20 meter grøn bufferzone mot vasstrengene for lite. Minner om dei riks-politiske retningslinene for verna vassdrag.</li> <li>3. Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. manglar i planprogrammet kap. 3.3 nasjonale føringar, sjå §§ 1 og 7.</li> <li>4. Samfunnstryggleik og beredskap: Syner til at det framleis er eit ope spørsmål om lokaliseringa er eigna på grunn av fare for ras, steinsprang og flaum. Syner til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, som set krav til at andre løysningar enn naturbaserte skal grunnleggjast og at høge alternativ frå nasjonale klimaframkrivingar skal leggast til grunn.</li> <li>5. Ureining og klima: Syner til at det i planframlegget er sagt at det ikkje vert sett krav til å nytta overskotsvarme, og meiner at dette er ei uheldig utnytting av ein viktig ressurs. Kostnaden for samfunnet ved å ikkje utnytte energien optimalt må vurderast opp mot eventuelt energitap i leidningsnettet ved ei anna lokalisering.</li> <li>6. Landskap og friluftsliv: Eventuelle sikringstiltak som kan få verknader for landskapet bør kome fram av planframlegget.</li> <li>7. Landbruk: Matjorda skal ivaretakast. Eventuelle avtalar med bønder om nydyrkning eller forbetring av areal må skje i samsvar med naturmangfaldslova og nydyrkingsforskrifta. Minner om dei statlege føringane for jordvern og handtering av dyrka mark i planlegginga.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til vitande.</li> <li>2. Tatt til vitande. Vurdering av flaumsituasjonen vil også vere styrande for breidde på grøn buffer.</li> <li>3. Tatt inn i planprogrammet.</li> <li>4. Skred- ras- og flaumfare er vurdert og avklart.</li> <li>5. Tiltakshavar er i dialog med og har eit prosjekt med Innovasjon Noreg med mål om å finne ei løysing på korleis denne ressursen kan nyttast i framtida. Intensjonen er å utnytte ressursen slik at oppstartsfasen med direkte utslepp til luft er å sjå på som eit overgangsfase. Temaet er vurdert av Rådgivande Biologar i Rapport om naturmangfold samt omtala i planrapporten.</li> <li>6. Alternativ for sikringstiltak er skildra i rapport frå SKRED AS, og omtalt i planrapport og landskapsanalysen.</li> <li>7. Det er gjort ein munnleg vtale med ein kandidat som ynskjer å ta i mot matjorda i samband med nydyrkning.</li> </ol>

11	Kvam Herad 20.11.2018	<p>1. Kvam Herad er positive til oppstart av planarbeidet og ber om at det vert lagt til grunn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Tilkomst/krysslysing i mellom fv-7 og fv 133 også vert vurdert i høve til omlegging/utbetring av fv-7 og utbetring av bruva over Storelva.</li> <li>b) Det i samband med beredskap og ulykkesrisiko vert vurdert om mogleigheter for omlegging av fv-7 i høve til snoskred og steinsprang.</li> <li>c) Det vert utarbeidd ei program for minst mogleg stenging og avgrensingar av trafikken på fv-7 i anleggspериодen.</li> </ul>	<p>1. Trafikal situasjon og sikkerheit vil bli vurdert som del av planarbeidet.</p>
Private aktørar			
12	Samnanger Næringsforum 24.10.2018	<p>1. Styret i Næringsforumet har merka seg at det kan leggjast til rette for bruk av overskotsvarme ved eit seinare høve. Ein reknar difor med at dette vert teke omsyn til ved val av nedkjølingsanlegg.</p> <p>2. Understrekar at ein ikkje ynskjer eit bitcoin anlegg i staden for eit datasenter.</p> <p>3. BKK har eit stabilt og driftssikker fibersamband og kapasiteten er sagt å vera tilstrekkeleg for dei første byggetrinna. Merknadsstilla reknar dette som truleg grunnen til at kapasitet på fiberlinjene eller andre loysningar for dataoverføring, ikkje er omtala i planprogrammet.</p>	<p>1. Det som gjeld overskotsvarme og nedkjølingsanlegg vert handtert som del av planprosessen. Sjå KU for naturmiljø.</p> <p>2. Området er satt av til næringsformål i KPA, og det er ikkje definerte underfornål i føresegna.</p> <p>3. Temaet vil bli handtert som del av planarbeidet men er ikkje trekt fram som eit vesentleg moment då fibersambandet i utgangspunktet er godt nok.</p>
13	Tor Harald Hansen Eigar g/bnr 35/16 22.10.2018	<p>1. Er bekymra for sjenerande støy både i byggefase og driftsfase, og at dette vil gjere det vanskeleg å opphelde seg utanårs.</p> <p>2. Er redd for ringverknader ved et eventuelt framtidig sal.</p> <p>3. Forventar at det takast grep så ikkje hytteidyllen blir råka.</p>	<p>1. Arbeidet – både i anleggfasen / byggefase og i driftsfase – skal skje jf. gjeldande grensekrav for støy i Støyretningslina T-1442/2016. Planføresegna set krav til at T1442/2016 skal vere gjeldande for tiltaket.</p> <p>2. Føresegna avgrensar bruken til datasenter.</p> <p>3. Rundt viftene på taket skal det være en skjermvegg. Tiltaket skal forhalde seg til grenseverdiane for støy i T-1442/2016.</p>
14	Anna og Bengt Drageset v/Multiconsult Eigarar g/bnr 35/1,3 30.10.2018	<p>1. Kommuneplanens arealdel: formalet gjeld etablering av næringsverksem med tilhøyrande anlegg. Viser til at fylgjande utgreiingar må utførast som del av reguleringsplanen: støy, estetikk, landskap og grøntstruktur, byggegrense langs sjø og vassdrag, kulturmiljø, næring, gjennomføringssoner.</p> <p>2. Det vert synt til at i alle utredningsarbeid som føl av KPA om NO7 kjem det fram at området skal nyttast til datalagringssenter, og at dette var ein klar føresetnad for Fylkesmannen si godkjenning av områder til næringsformål. Meiner at det ved varsel om planoppstart er opna for anna verksem enn datalagring, som utholer intensjonen i overordna plan.</p> <p>3. Viser til brev datert 26.4.2018 til Samnanger kommune frå Fylkesmannen, med konkrete vilkår for å trekke motsegna til området i forslag til KPA.</p> <p>4. Finn planprogrammet mangelfullt. Tema som flaum, ras og steinsprang, støy og klimautslipp er underkommunisert, og til nå ikkje tilstrekkelig utgreia.</p> <p>5. Møgleg fare for ras er ein alvorleg trussel for all type infrastruktur og eit ras - utsatt datalagringssenter vil vere eit objekt med store negative konsekvensar og øydeleggande kommersielle effektar. Gjev råd om at det så tidlig som mögleg vert gjort grundige geologisk og geotekniske utgreiingar, i tillegg til ROS-analyesen.</p> <p>6. Støy må være tema i konsekvensvurderinga og grundig utgreiast slik at avbøtande tiltak kan innlemmas i planframlegget. Syner til fleire oppslag i mediane om sjenerande støy frå liknande tiltak og til Retningslinje for behandling av støy i saker etter plan- og bygningsloven (T-1442/2016).</p> <p>7. Meiner utslepp av oppvarma luft er ein ressurs som må nyttas, og at ei slik løysning er i strid med KPA si føresegn om at det skal leggast til rette for energireduserande løysingar. Vidare at luftutsleppet kan gje lokalklimatiske utfordringar som må vurderast samtidig kan også føre til økt støy frå anlegget.</p> <p>8. Før planprogrammet kan godkjennast må det omarbeidast og supplerast med utfyllande opplysningar</p>	<p>1. Tatt til vitande.</p> <p>2. Planføresegna avgrensar bruken innanfor næringsområdet til datasenter. I KPA er det ikkje definert underfornål til næringsformålet.</p> <p>3. Det er sett til nemnte brev frå Fylkesmannen og det vil bli sett til same brevet i vidare planprosess.</p> <p>4. Aktuelle tema vert vurdert og utgreia som del av planprosessen, og er etter vår vurdering handtert på tilfredsstillande nivå i planprogrammet. Det er ikkje motteke signal frå sektorstyresmakter eller statlege etatar om at planprogrammet er mangelfullt.</p> <p>5. SKRED AS har utarbeida 2 rapportar om skred- og flaumsituasjon samt om skredtiltak. Sjå vedlegg.</p> <p>6. Støyretningslina T-1442/2016 vert lagt til grunn for planarbeidet.</p> <p>7. Tema er vurdet i konsekvensutredning for</p>

	<p>om kva for tema som skal utgreiaST, dette gjeld i sær flaum, ras- og steinsprang, støy, klimautslepp og ureining (til vatn og luft) samt energigjenvinning.</p> <p>9. Det må utarbeidast ei landskapsanalyse som grunnlag for planarbeidet.</p> <p>10. Detaljreguleringsplanen må omhandle og ha føresegn som vedkjem:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Utforming og utbetring av elvestrengen</li><li>- Retningsliner for landskapsbilde/landskapsvern</li><li>- Tiltak for å skjerme nye bygg ved bruk av naturmateriale</li><li>- Avgrensing i forhold til nye anlegg og tillate byggehøgder for å hindre synleg heilt frå vegen eller husa i Børddalen</li><li>- Sikring av elvestrengen mot utvasking og flaum med plastring i naturstein.</li></ul> <p>11. Det må i reguleringsplanen komme fram klare begrensninger for bruk av området.</p>	<p>naturmiljø v/ Rådgivende Biologer As. I tillegg kan nemnast at Regn Datacenters AS har opprettet dialog med Inovasjon Norge vedrørende temaet.</p> <p>8. Sjå kommentar i punkt 4.</p> <p>9. Landskapsanalyse er utarbeida. Sjå vedlegg x.</p> <p>10. Tatt til vitande.</p> <p>11. Tatt til vitande.</p>
--	---	--